



Fire vil køyre buss i Bergen sentrum og nord

PRESSEMELDING
10.12.2010

KONTAKTPERSON
Karl Inge Nygård,
kontraktsansvarleg i
Skyss
Telefon: 55 23 90 96
Mobil: 93 08 89 71

Fire ruteselskap har i dag lagt inn tilbud i konkurransane om å køyre buss i Bergen sentrum og Bergen nord frå neste haust.

Skyss kunngjorde 9. juli 2010 konkurranse om kven som skal køyre buss i Bergen sentrum og Bergen nord i perioden 1. oktober 2011 til 30. september 2018. Ruteområda er inndelt i to kontraktar.

Følgjande selskap har i dag levert inn tilbud:

- Fjord1Partner (Bergen sentrum + Bergen nord)
- Nobina (Bergen nord)
- Norgesbuss (Bergen sentrum + Bergen nord)
- Tide Buss (Bergen sentrum + Bergen nord)

Vinnaren eller vinnarane av anbodskonkurransane vil bli kåra ut frå ei vurdering av desse tildelingskriteria: Pris (60 prosent), kvalitet (30 prosent) og miljø (10 prosent). Kontraktane vil venteleg bli tildelte like over nyttår.

Oppdraga omfattar all rutetransport inkludert skoleskyss. Dei to kontraktane med Skyss har eit omfang på om lag 200 bussar totalt. I kontraktane stiller Skyss krav om bussar som er universelt utforma (mellom anna lågt innsteg og låggolv). Til saman i dei to områda er det stilt krav om å nytte om lag 75 gassbussar. Resten av bussane skal tilfredsstillе EUs strengaste krav til miljøutslepp (EURO 5).

Det er i dag Tide Buss AS som har avtale med Hordaland fylkeskommune om busstrafikken i desse områda. Når kontraktane for Bergen sentrum og Bergen nord er tildelte, er det Askøy og Sotra/Øygarden som står att før busstransporten i heile fylket er konkurranseutsett. Utlysing av desse områda er planlagt kort tid etter at kontraktane for Bergen sentrum og nord er tildelte.



Hordaland fylkeskommune ved Skyss administrerer kollektivtrafikken i fylket gjennom å planlegge, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, bybane, båt og ferje.